

Innspill

Karriererådgjevarar på ungdomsskule og vidaregåande er viktige premissleverandørar for ungdoms utdanningsval. Som nasjonal bransjeorganisasjon ynskjer vi difor å kunne spreie den nyaste informasjonen vi har om bransjar og yrker. Vi skulle derfor ønske oss kanalar for å enklare kunne kommunisere våre budskap til rådgjevarar, som igjen kan ta dette med seg vidare til elevar og føresette.

Nedanfor er Norsk Industri sine erfaringar med samarbeid med rådgjevarar:

- Norsk Industri starta i 2017 kampanjen "Velg TIP" som besto av eit knippe youtubefilmar, nettsida www.velgtip.no og ein brosjyre. Kampanjen har gått i to år med godt resultat (+18% søkarar til TIP VG1). Vi fekk i 2017 etter litt om og men presentert kampanjen i eit nyhetsbrev (vedlagt). Det er i og for seg bra, men det hadde vore greitt å kunne sende link til filmar osb direkte til rådgivarar, ikkje som tekst i nyhetsbrev. Vi fekk ingen bestillingar på brosjyremateriell etter at nyhetsbrevet gjekk ut.
 - *Forslag: Bransjeorganisasjonar får ein direkte kanal for å sende informasjonsmateriell til rådgjevarar ein gang i året. Ei enkel løysing kan være at nokon videresender informasjonen vi vil ha ut.*
- Vi stilte opp på Landskurset – den årlege samlinga for rådgjevarar. Diverre er programmet der totalt dominert tema knytt til sosialrådgiving, og har svakt fokus på karriererådgiving. Årets program er ikkje unntak i så måte: <https://www.landskurs.no/index.php?pageID=189>
 - *Forslag: karriererådgiving får større plass i programmet til rådgjevarane, og arbeidslivsorganisasjonar vert invitert til å holde foredrag.*
- Norsk Industri skal lage ei oversikt over bedrifter som har lærling, samt bedrifter som ikkje får tak i lærling. Denne lokale oversikten ynskjer vi at rådgjevarar får tilsendt og kommuniserer vidare. Ein slik oversikt over kvar ein kan få lære plass er viktig grunnlagsinformasjon for val av studieretning. Vi har i dag ingen oversikt over f.eks rådgjvarar i Oslo.
 - *Forslag: Vi får kontaktpersonar i kvart fylke som videresender lokal informasjon frå bransjeorganisasjonar og opplæringskontor.*

Kort oppsummert meiner vi at det trengs betre samarbeid, og at enkle grep som nemnt over kan være ein start på det. Håpar desse forslaga kan bli tatt opp til vurdering av Lied-utvalet.

Beste helsing
Kjetil Tvedt
Fagsjef kompetanse og rekruttering
Norsk Industri